

Kyrkjevalet 2023

Lek tilsette kandidatar Bjørgvin bispedømeråd



Val av lek tilsett er eit preferanseval. Det betyr at du må setja **1** framfor den du helst vil ha inn i bispedømerådet, **2** for den du vil ha inn om din førstekandidat ikkje vinn valet, så nr. **3** osv. heilt til du har sett nummer framfor så mange kandidatar du vil. Du må setje tal framfor minst ein av kandidatane, elles er stemma ugyldig.

Som lek tilsett stemmer du digitalt. Innlogginga til valet finn du på kyrkjevalet.no. Du kan stemma frå 10. august kl. 09.00 til kl. 15.00 den 6. september 2023.

Dei seks leke kandidatane har svart på desse spørsmåla frå nominasjonskomiteen:

- 1) Sei noko om kva du brenn for og kvifor du stiller til val.

- 2) Korleis meiner du BDR og Kyrkjemøtet skal arbeide for:
 - a) rekruttering av tilsette?
 - b) tverrfagleg samspel i kyrkja lokalt?
 - c) samarbeid mellom tilsette og frivillige?
 - d) å styrke samarbeidet mellom BDR og soknet?

- 3) Det pågår ein prosess kring organisering av kyrkja. Kva skal til for at dette skal lukkast?

- 4) Kva må vi ha fokus på for å styrke fellesskapet i kyrkja?

- 5) Korleis tenkjer du vi kan skape oppslutnad om gudsteneste- og kyrkjelydsliv og dåp?

Solveig Gravem Angelskår



Dagleg leiar og sekretær
i Osterfjorden sokn,
sekretær i Lindås sokn

Bustad: Hjelmås
Fødd: 12.02.1980
E-post: sa863@kyrkja.no
Tlf.: 97709051

Yrke/utdanning

Grunnskulelærer, Alver kommune, 2020 - 2022

Adjunkt med tillegg, v/ Berlevåg barne og ungdomsskole, samt organistvikar i kyrkja, 2017 -2020

Grunnskulelærer, NLA Breistein, 2014 - 2017

Leder for barne og familiearbeidet i Acta barn og unge i Normisjon, region Hordaland. 2002 - 2007

Bachelor i kristendom med hovedvekt på menighetspedagogikk, NLA Sandviken, 2001 - 2005

Kyrkjelege verv

Formann i Dalebygda indremisjon, Midtgård bedehus, 2022

Styremedlem og kasserer i Dalebygda indremisjon, ca 2004 - ca 2008

Dirigent for koret Te Deum i Ostereidet kyrkje, 2007

Representant i NLA sitt representantskap, for Normisjon, 2005 - ca 2010

Satsingsområde

Barn og unge

Tilbod og oppfølging av konfirmantane etter konfirmasjonstida.

Ein levande kyrkjelyd, ikkje berre seremonikyrkje

Samarbeid med andre kristne organisasjonar

Integreringsarbeid

1. Sei noko om kva du brenn for og kvifor du stiller til val.

Eg brenn for at kyrkja skal være ei levande kyrkje med Jesus i sentrum og ikkje berre ei semonikyrkje. Det er også viktig at kyrkja er ein del av lokalsamfunnet, og at vi er til stades for folk rundt oss. Barn og unge må få kjenne at kyrkja er ein god stad og vere.

2. Korleis meiner du at BDR og Kyrkjemøtet skal arbeide for a) rekruttering av tilsette? b) tverrfagleg samspel i kyrkja lokalt? c) Samarbeid mellom tilsette og frivillige? d) å styrke samarbeidet mellom BDR og soknet?

Kyrkja treng mange ulike menneske med ulike erfaring og kompetanse. Det er mange som ikkje er klar over dei ulike yrka som er i kyrkja, og eg tenkjer vi har ein jobb å gjere når det gjeld informasjon og synleggjering.

Samarbeid på tvers av ulike grupper i kyrkja er viktig. Både mellom dei ulike yrkesgruppene og mellom tilsette og frivillige. Planlegging og gjennomføring av felles arrangement, og samlingar der ein kan vere saman og byggje felleskap. Vi er ei kyrkje uansett kva stilling vi har, eller om vi er tilsett eller frivillige.

For at samarbeidet mellom BDR og soknet skal vere godt, så må ein vere synlege for kvarandre. Ikkje berre gjennom skriv, som ikkje alle les, men ved fysiske møte der ein kan lytte til kvarandre."

3. Det pågår ein prosess kring organisering av kyrkja. Kva skal til for at dette skal lukkast?

Det er viktig med god informasjon, og at det vert formidla med eit språk som folk forstår.

4. Kva må vi ha fokus på for å styrkje fellesskapet i kyrkja?

God kommunikasjon er alltid viktig, og skal eit felleskap vere godt, så må ein gjere ting i lag. Ein må bruke tid saman.

5. Korleis tenkjer du vi kan skape oppslutnad om gudsteneste- og kyrkjelydsliv og dåp?

Eit godt tilbod for barn og unge i kyrkja, både i og utanfor gudstenestene. Dersom barn og unge kjenner seg heime i kyrkja, trur eg også dei vaksne vil kome. Dei må få ta del i arbeidet, og kjenne at dei er ein viktig del av kyrkjelyden.

Kalaregy Drange



Kyrkjetenar i Sandviken og Eidsvåg

Bustad: Mjølkeråen, Bergen

Fødd: 28.10.1962

E-post: kd722@kirken.no

Tlf.: 95174240

Yrke/utdanning

Miljøarbeidar ved V13 2006-2007

Kokk 1992 - 2000

Norge som innvandringsland 2004 – 2005

Teknisk teikning 1988 - 1990

Språklinje 1986 - 1987

Kyrkjelege verv

Verneombud Åsane prosti 2012-2016

Styremedlem i fagforening 2010 – 2014

KIA Bjørgvin styremedlem 2008- 2013

KIA landsstyre, leder for valgkomiteen 2010-2012

Menighetsrådsmedlem 1997- 2005

Satsingsområde

Mer fellesskap og diakoniarbeid

Åpen kirke i ukedagene

Frivillighet

Unge voksne

Felles arbeidsgiver

1. Sei noko om kva du brenn for og kvifor du stiller til val.

Øke gudstjenestedeltakelse, samspill mellom ansette og frivillige, alle har noe å bidra med, det er folk som er kirkens kapital.

Diakoni som et verktøy for bygge menighet. Jeg har lyst til å være med å utvikle kirken. Jeg har mye organisasjonserfaring og frivillig-erfaring.

2. Korleis meiner du at BDR og kirkemøtet skal arbeide for:

a) rekruttering av tilsette?

Vi må prøve å hente medarbeidere fra våre naboland, mer attraktiv arbeidsplass, flere studieplasser, hente utvekslingsstudenter, legge til rette for at andre yrkesgrupper lett kan bygge på kirkefag. Nå er tiden moden for å hente utenlandske misjonærer.

b) tverrfagleg samspel i kyrkja lokalt?

Alle har sin fagekspertise, men sammen når vi målet.

c) samarbeid mellom tilsette og frivillige?

Ansatte må tilrettelegge for frivillige i kirken. God opplæring til frivillige. Rolleforståelse.

d) å styrke samarbeidet mellom BDR og soknet?

Mer kontakt med soknet, soknet har mer innflytelse. Fast møteplan med soknet.

3. Det pågår ein prosess kring organisering av kyrka. Kva skal til for at dette skal lukkast?

Vi må lytte til hva de ønsker og gi frister til å komme med gode forslag. Involvere alle som har eierforhold til kirken.

4. Kva må vi ha fokus på for å styrkje fellesskapet i kyrkja?

Flere uformelle møteplasser i kirken og bygge diakoniarbeid for forskjellige målgrupper.

Rita Eldholm



Soknediakon i Åsane menighet

Bustad: Åsane, Bergen
Fødd: 24.02.1972
E-post: re253@kirken.no
Tlf.: 92200028

Yrke/utdanning

Soknediakon i Åsane menighet 100% stilling, Bergen 2011 –

Diakonal medarbeider 50 – 75% i sjømannskirken i New York 2010 - 2011

Soknediakon i Åsane menighet 100% stilling, Bergen 2000 - 2009

Diakonutdanning, Diakonhjemmet (No VID), Oslo 1999 - 2000

Sjuepleiar Geriatrik post på Haraldsplass diakonale sykehus, Bergen 1997 – 1999

Arbeidsveilederutdanning (60 studiepoeng masternivå) Universitetet i Oslo (UiO)
2016 – 2019

Ledelse i kirke og samfunn – (10 studiepoeng masternivå), VID – Diakonhjemmet,
Oslo 2016 - 2017

Kyrkjelege verv:

Tillitsvald og vara tillitsvald for Det norske diakonforbund i Bergen kirkelige fellesråd
og i Bjørgvin stift i fleire periodar frå 2002 – 2023.

Bjørgvin bispedømes diakoniutval. Medlem 2013 - 2014, Nestleiar 2015 - 2019, Leiar
2020-2023

Styringsruppa for arbeidsvegledning (ABV) i Bjørgvin bispedøme, medlem 2017 - 2023

Satsingsområde

Ei opa, synleg, diakonal og nær kyrkje i lokalsamfunna

Barne- og ungdomsarbeid

Rekruttering og ivaretaking av medarbeidarar – både løna og uløna.

Organisering og kommunikasjonsflyt i kyrkja

1. Sei noko om kva du brenn for og kvifor du stiller til val.

I oppveksten vart eg utfordra av kloke vaksne til å vere medarbeidar i barne- og ungdomsarbeidet og i gudstenestener. Kyrkjelyden viste meg at det var bruk for meg. Denne starten gjer at eg i dag jobbar som diakon i kyrkja.

Eg brenn for ei enno meir opa, nær og diakonal kyrkje i lokalsamfunna våre i Bjørgvin.

Kyrkja er framleis ein svært viktig del av livet og viktige merkedagar for fleirtalet av dei som bur i Bjørgvin bispedøme. Vi er til stades i glede og i sorg, og når kriser rammar lokalsamfunn. Eg trur at når vi har god kvalitet på møta vi har med menneske i desse samanhengane inviterer dette til vidare fellesskapet i kyrkja.

Nedgang i dåpstal er ei stor utfordring. Vi må jobbe vidare med å synleggjere dåpen på ulike måtar, men det er også viktig at vi har aktivitetar og møteplassar utanom gudstena kl. 11, som dei døypte kan delta i med liv og tru. Kyrkja i Bjørgvin har lang tradisjon for å samarbeide med kristne organisasjonar i barne- og ungdomsarbeidet. Dette samarbeidet er det viktig å styrke vidare.

Som kyrkje må vi halde fram med å skape og legge til rette for møteplassar mellom menneske, og mellom menneske og Gud. Det er viktig at vi har medverknad av born og unge, og uløna medarbeidarar i alle aldrar, i arbeidet vårt.

Kyrkja går ei krevjande tid i møte med ny organisering. Nokon må gjere den vanskelege jobben, og eg vil bidra så godt eg kan.

2. Korleis meiner du at BDR og Kyrkjemøtet skal arbeide for:

a) rekruttering av tilsette?

Vi må jobbe på alle nivå, både kortsiktig og langsiktig. Barn og unge må involverast og bli utfordra til teneste i lokalkyrkjelydane. Kyrkjeleg arbeid for og med studentar vil også vere avgjerande.

Det er nødvendig med god dialog og samarbeid med utdanningsinstitusjonar og fagorganisasjonar i kyrkja. Dei som alt er tilsette må bli godt ivaretekne, slik at kyrkja blir opplevd som ein god arbeidsplass.

Det er mangel på søkjarar til kyrkjelege stillingar, som medfører stor belastning på resterande stab og frivillige. Det er viktig med godt samarbeid mellom BDR og fellelråd, og god dialog med løna og uløna medarbeidarar i stabar med vakanse, slik at ein ikkje får flukt frå stillingar pga arbeidspress i tillegg til rekrutteringsutfordringar.

b) tverrfagleg samspel i kyrkja lokalt?

Tverrfagleg samarbeid tenkjer eg er ein måte å jobbe på, som bør gjennomsyre alle nivå i kyrkja. Det handlar om å ha ei haldning til våre medarbeidarar om at dei har kunnskap eg ikkje har, og korleis kan vi jobbe saman til beste for kyrkjelyden? Fagkompetansen i dei ulike fagstillingane i kyrkja må løftast fram og brukast på alle nivå.

c) samarbeid mellom tilsette og frivillige?

Alle tilsett må medvite legge til rette for at frivillige skal kunne bruke sine evner i kyrkjeleg arbeid. Det er viktig med eit kontinuerleg fokus på korleis vi gjennomfører dette i praksis på alle nivå.

d) å styrke samarbeidet mellom BDR og soknet?

Det er viktig å jobbe med å finne enno betre rutiner og strukturar for samarbeid og betre kommunikasjonsflyt mellom BDR, fellesråd og sokna.

3. Det pågår ein prosess kring organisering av kyrkja. Kva skal til for at dette skal lukkast?

Halde fram med gode dialogar mellom alle partar, og ha mot til å ta vanskelege val.

4. Kva må vi ha fokus på for å styrkje fellesskapet i kyrkja?

Dele gode forteljingar og søkje å ha god informasjonsflyt og dialog på alle nivå.

5. Korleis tenkjer du vi kan skape oppslutnad om gudsteneste- og kyrkjelydsliv og dåp?

Eg trur vi må halde fram med å ha fokus på barne- og ungdomsarbeid og involvering av familiar i arbeidet vårt. Alle møter med menneske er viktige og kan gje høve til invitasjon til og involvering i kyrkjelege fellesskap.

Audun Mundal



Kyrkjeverje i Gloppen

Bustad: Sandane

Fødd: 22.04.1966

E-post: audunmundal@gmail.com

Tlf.: 91177823

Utdanning

Bachelor Verdibasert leiing VID, 2022 - 2023

Sveinebrev, 1987 - 1998

Vidaregåande skule, 1983 - 1984

Kyrkjelege verv

Styremedlem Kyrkjeverjene i Bjørgvin (2021 - DD)

Soknerådsmedlem (kasserar) Vereide Sokneråd, 2009 - 2012

Leiar i Vereide Kyrkjekor (Gloppen sokn), 2011 - 2022

Styremedlem i Nordfjord Oratoriekor (basert i Vereide sokn), 2007 - 2010

Offentlege verv

Kommunestyremedlem Gloppen kommune, 2015 - 2019

Vara til Stortinget, 2017 - 2021

Satsingsområde

Trusopplæring

Diakoni

Bygge opp under og forsterke meinigheitene/ sokna

Aktivitetar med fokus på familien / fleire generasjonsjonar saman

Vidareutdanning av tilsette, spesielt dei med små stillingar

1. Sei noko om kva du brenn for og kvifor du stiller til val.

Eg tykkjer det er viktig å vise samhald gjennom trua, og det at ein trur. Verda kring oss ser ut til å bli meir sekulær og då er det viktig av vi står i trua, viser at vi trur og styrkjer samarbeidet mellom trussamfunna og meinigheitene.

2. Korleis meiner du at BDR og Kyrkjemøtet skal arbeide for:

a) rekruttering av tilsette?

For å rekruttere fleire til stillingar i kyrkja må vi vise dei gode historiene, ha dei gode ambassadørane (slik som på Farmen) og vere frimodige til å vise at vi er relevante i dagens arbeidsmarknad.

b) tverrfagleg samspel i kyrkja lokalt?

Gjennom informasjon og samarbeidsvilje har vi absolutt anledning til å få til eit godt tverrfagleg samspel i den lokale kyrkja.

c) Samarbeid mellom tilsette og frivillige?

Dei tilsette får særst lite til dersom ein ikkje får med seg dei frivillige og difor bør dei frivillige prioriterast gjennom kurs om samlingar som gjev dei ei kjensle av å få noko igjen og at ein løftar kunnskapen kring om.

d) å styrke samarbeidet mellom BDR og soknet?

Når det gjeld samarbeid mellom BDR og soknet så er det som alltid viktig med informasjon og samlingar der ein kan både informere kvarandre, men også lære kvarandre å kjenne."

3. Det pågår ein prosess kring organisering av kyrkja. Kva skal til for at dette skal lukkast?

Eg trur at viljen til å samlast i kyrkja i ein felles organisasjon er større enn ein trur. Praktiske høve og politiske baktankar set gjerne ei bremse på eit betre samarbeid på vegen mot samling.

4. Kva må vi ha fokus på for å styrkje fellesskapet i kyrkja?

For å styrkje fellesskapet i kyrkja må ein vise dei gode historiane, vise at vi er eit fellesskap som bryr seg om kvarandre og marknadsføre dette på ein god og profesjonell måte.

5. Korleis tenkjer du vi kan skape oppslutnad om gudsteneste- og kyrkjelydsliv og dåp?

Der ein har med korkrefter, søndagsskule og andre barne- og ungdomsgrupper vil ein gjere det attraktivt å komme til gudsteneste. I dag må ein også vere god med Sosiale media og bruke dette aktivt, her er det mange som treng kursing.

Beate Nes



Kateket i Stryn kyrkjelege fellesråd

Bustad: Austefjorden

Fødd: 12.09.1979

E-post: beate.nes@stryn.kommune.no

Tlf.: 98654244

Yrke/utdanning

Kateket i Stryn 2013 - d.d.

Kateket i Herøy 2003 - 2013

Arbeidsveiledningsutdanning 2009 - 2013

Kateketutdanning ved Høyskolen i Volda 1999 - 2013

Kyrkjelege verv

Leder i Kufo Bjørgvin 2018 - d.d

Kufo styremedlem i Møre, over flere år i den perioden jeg jobbet der

Satsingsområde

Trosopplæring for barn, ungdom og voksne

Gode trygge fellesskap

Kirka som en god arbeidsplass

Gudstjenester for alle

Relevant forkynnelse

1. Sei noko om kva du brenn for og kvifor du stiller til val.

Jeg brenner for at kirka skal være en god arbeidsplass for alle arbeidsgrupper. At vi som kirke skal oppleves relevant for folk og at vi skal tilby gode fellesskap og trosopplæring for barn, ungdom og voksne. Etter 20 år med lokalt arbeid som kateket er det fint å også være med å jobbe på bispedømmenivå. Jeg har vært 1. vara denne perioden, og kunne gjerne tenke meg å være med for fullt i neste perioden.

2. Korleis meiner du at BDR og Kyrkjemøtet skal arbeide for:

a) rekruttering av tilsette?

Sørge for gode arbeidsforhold som gjør at kirka kan være en god arbeidsplass et helt liv. dvs arbeidstid, lønn, nok ressurser, tid til faglig og åndelig påfyll, mm. I tillegg tenker jeg at vi må bli flinkere å fortelle om hvor mye fint det er med å jobbe i kirken, og hvor mange ulike egenskaper og utdanninger det er bruk for i kirken.

b) tverrfagleg samspel i kyrkja lokalt?

Viktig å ha fokus på gode helskaplige planer for alle. Viktig å se at alt henger sammen, og at vi står mye sterkere når vi jobber sammen. Viktig at flere arbeidsgrupper blir hørt når ting skal bestemmes, og at en har felles fagdager

c) Samarbeid mellom tilsette og frivillige?

Stab og frivillige i sammen kan få mye spennende til å skje lokalt hvis det legges til rette for det med nok midler, tid og fokus. BDR og kirkemøte kan kanskje spesielt bidra med midler og fokus på viktige områder

d) å styrke samarbeidet mellom BDR og soknet?

Det kan ofte oppleves langt fra BDR til sokn. God og enkel informasjonsflyt tror jeg er viktig.

3. Det pågår ein prosess kring organisering av kyrkja. Kva skal til for at dette skal lukkast?

Det har vært en lang prosess, med sterke meninger. Jeg tror det er viktig at det nå får lande. At vi får svar på hvordan veien videre blir. ellers tror jeg det blir viktig å jobbe med å skape en felles plattform. Et sterkt vi, med et felles mål.

4. Kva må vi ha fokus på for å styrkje fellesskapet i kyrkja?

Eg tror vi skal ha et fortsatt fokus på kirkekafe, flere uformelle samlingsplasser og gode møteplasser for å dele tro og liv.

5. Korleis tenkjer du vi kan skape oppslutnad om gudsteneste- og kyrkjelydsliv og dåp?

Dette jobber vi hele tiden med å finne ut av. Det gjøres mye godt arbeid og folk er stort sett fornøyde når de er til stede, men vi når ikke helt ut med budskapet vårt. Vi må nok jobbe med å nå ut på nye måter, og med nye ord om hvorfor dette er viktig.

Sissel Vartdal



Kyrkjeverje Sunnfjord

Bustad: Bergen/Førde

Fødd: 04.10.1968

E-post: sissel.vartdal@sunnfjordkyrkja.no

Tlf.: 48991257

Yrke/utdanning

HR-sjef Kirkerådet 2015 – 2020

Personalsjef Sjømannskirken 2013 - 2015

Prosjektleder demokratireformen (Kirkerådet) 2009 - 2012

Kyrkjeverje Fjell 2000 - 2009

Cand.mag frå Universitetet i Bergen (psykologi, organisasjonspsykologi, administrasjons- og organisasjonsvitenskap og sosialantropologi og forvaltningsrett). 1990 - 1997

Kyrkjelege verv

Kirkens SOS (nestleiar og styreleiar i landssyret) 2017 - 2023

Kirkens Nødhjelp (medlem og nestleiar i hovudstyret) 2014 – 2020

Styremedlem (nestleiar og styreleiar) i Kirkens SOS 2017 - 2023

Demokratiutvalet (nedsett i samarbeid mellom Kulturdept og Kyrkjerådet) 2008 - 2008

Medlem Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkjerådet (nestleiar) 2006 - 2008

Bergen domkirke menighetsråd 2005- 2009

Medlem Bjørgvin bispedømeråd, Mellomkyrkjeleg råd og Kyrkjerådet 2002 - 2006

Offentlege verv

Demokratiutvalget (Kirkerådet og Kirke- og kulturdept.) 2008

Bergen Tingrett, lek meddommar 2000 - 2009

Fylkesnemnda for sosiale saker i Hordaland og S & F, alminneleg medlem 2005 - 2009

Stiftelsen Gamle Bergen Museum 2000 - 2004

Sjømannskirken (delegat og dirigent på generalforsamlinger, ++) 2002 -2023

Satsingsområde

Folk (konkret: tilsette og frivillige): rekruttere, ivareta, utvikle og behalde

Kyrkjeleg organisering (verktøy, ikkje viktig i seg sjølv)

Kyrkja sitt diakonale oppdrag (essensielt og kviler på dei to førre)

Spørsmål

1. Sei noko om kva du brenn for og kvifor du stiller til val.

Eg brenn for kyrkja i det store bildet: for folkekyrkja, for trussamfunnet, for arbeidsplassen til mange tusen tilsette og for den viktige rolla kyrkja har som samfunnsaktør. Men eg brenn og for kyrkjeleg organisering – ein viktig føresetnad for at vi som kyrkje skal løyse oppdraget vårt. Vi må ha ei tenleg organisering som gjev energi og motivasjon lokalt, og som skapar god samanheng mellom kyrkja sine ulike ledd. Framover skal kyrkja, med sine to arbeidsgjevarar, ha fokus på dei såkalla modelluavhengige byggjesteinane. I dette ligg det mellom anna saker om styrking av soknet, utarbeiding av felles rammeverk og fokus på samordna leiing. Eg har arbeidd med, og vore engasjert i, kyrkjeleg organisering gjennom mange år. Eg har både sterk interesse, stort engasjement og opplever det svært meningsfylt å arbeide med desse spørsmåla, fordi det til slutt handlar om kyrkja og dei vi er til for. Den kyrkjelege erfaringa mi kjem frå fleire nivå, den viktigaste er likevel kjennskapen til den lokale kyrkja frå tida som kyrkjeverje i Fjell, og no som kyrkjeverje i Sunnfjord. Eg ønskjer å vere med i dei prosessane som ligg framføre oss i bispedømeråd og Kyrkjemøte, og eg trur eg har noko å bidra med inn i dette.

2. Korleis meiner du at BDR og Kyrkjemøtet skal arbeide for:

a) rekruttering av tilsette?

Følgje opp rekrutteringsstrategien vedteke i Kyrkjemøtet, arbeide for at kyrkja skal vere ein god arbeidsplass gjennom systematisk og strategisk HR-arbeid og at vi gjennom å vere ein god kyrkjeleg arbeidsplass, og kan vere ein rekrutterande arbeidsplass.

b) tverrfagleg samspel i kyrkja lokalt?

Det nye planverktøyet «Kyrkja vår» kan vere eit godt grep for å samle planar, samle ressursar og samle kompetanse slik at vi i enda større grad lærer av kvarandre, spelar på kvarandre og har glede og nytte av å arbeide på tvers.

c) Samarbeid mellom tilsette og frivillige?

«Kyrkja er meir for fleire» heiter det i strategidokumentet til Den norske kyrkja. I delmål 3.3 står det vidare: «Skapar ein mangfaldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass og frivilligarena». Eg er oppteken av at vi operasjonaliserer kva dette betyr i bispedømet vårt.

d) å styrke samarbeidet mellom BDR og soknet?

BDR skal vere eit bindeledd mellom sentralt og lokalt nivå. Dette må skje gjennom å skape møteplassar og arenaer for samhandling, informasjon og inspirasjon.

3. Det pågår ein prosess kring organisering av kyrkja. Kva skal til for at dette skal lukkast?

Vi må halde fram med den skrittvisе utviklinga, det har vore oppskrifta gjennom mange år. Steg for steg, samstundes som vi hentar erfaringar. I tillegg: endringar i den kyrkjelege organiseringa rører ved mange tilsette sin arbeidskvardag, i dette må spelereglane i arbeidslivet følgjast slik at vi sikrar medbestemming og medverknad.

4. Kva må vi ha fokus på for å styrkje fellesskapet i kyrkja?

Folk treng fellesskap og kyrkja ER fellesskap: gudstenestefellesskap, stabsfellesskap, faglege fellesskap, husfellesskap og interessefellesskap, for å nemne noko. I kyrkja sitt store fellesskap skal det vere plass til alle som vil høyre til, vi må samlast om det sentrale og hegne om mangfaldet.

5. Korleis tenkjer du vi kan skape oppslutnad om gudsteneste- og kyrkjelydsliv og dåp?

Satsing på dåp gjennom nasjonale kampanjar har gitt resultat, det er gledeleg. Dette må følgjast opp framover. Kanskje eit overordna strategisk grep lokalt handlar om å vere enda meir synleg? Både før (gjennom tydeleg invitasjon, ikkje ta for gitt av folk veit om kva som skjer) og etterpå (vise fram kva som skjedd og skape forteljingar). Og at vi er både medvitne og stolte over å invitere inn til noko som står seg, som toler å bli gjenteke, som skil seg frå alt det andre og som ber i ei omskifteleg verd.

